



Dette er Rosendalslaget som spela mot Hald. (Foto: Are Ulseth)

Sesongstarten for damelaget til Rosendal, som har dei tre spelarane Anita Simensen, Ida Røsland og Gørild Samland Eik frå Uskedalen, var ikkje den beste. Det vart tomålstap for Hald etter 0-1 ved pause.

Kvinnheringen skriv at saknet av ein måljeger var stort og at ein frisk Hildegunn Guddal, som følgde kampen frå tribuneplass, kunne vore tunga på vektskåla.

Heimelaget var fullt på høgde med gjestene, men fekk ein verst mogleg start på kampen då Hald scora etter to minuttar. men seinare hadde Rosendal ein kjempesjansje til å koma i balanse. I sluttomgangen scora Hald på ein einaste sjansje.

Trenar Leif Kristian Skåla seier at uavgjort hadde gjeve eit mykje betre bilete av kampsituasjonen og at saknet av ein måljeger har vore stor i heile oppkøyringa til sesongen. Han er nøgd med mykje av det laget presterte, men ikkje med effektivitten framfor motstandarmålet.